

Referat frå møte nr. 69, 25. februar

Dato: 1. mars 2016

Til stades:

Baard-Christian Schem, Helse Vest RHF, leiar
Alf Henrik Andreassen, Helse Bergen HF
Gunnar Mellgren, Helse Bergen HF
Haldis Økland Lier, Helse Fonna HF
Marit Solheim, Helse Førde HF
Stein Tore Nilsen, Helse Stavanger HF
Jarle Eid, Universitetet i Bergen
Nina Langeland, Universitetet i Bergen
Dag Rune Olsen, Universitetet i Bergen
Kjell Bernstrøm, Universitetet i Bergen
Eyvind Rødahl, Universitetet i Bergen
Anne Kari Hersvik Aarstad, observatør, høgskulane i regionen
Petter Thornam, observatør, Dei private, ideelle institusjonar
Jannikke Ludt, observatør, Noregs forskingsråd

Forfall:

Pål Berger, brukarrepresentant
Jan Petter Larsen, Universitetet i Stavanger

Sekretariatet:

Ernst Omenaas
Sølvi Lerfald
Ingrid Kalsnes (referent)

Saksnr.	Sak
Sak 1/2016	Godkjenning av saksliste og referat
Vedtakssak	
	Innkalling til møte 25. februar 2016 vart godkjent. Referat frå møte 25. november 2015 vart godkjent. Ingen saker vart meldt til eventuelt.
Sak 2/2016	Faglig rapportering 2015
Vedtakssak	
	<p>Sølvi Lerfald la fram hovudtrekk frå Faglig rapportering 2015. Rapporten omfattar data om 312 innleverte rapportar frå forskingsprosjekt finansiert av Helse Vest, samt informasjon om belønningsmidlar der det i 2015 var 150 personar som disponerte slike midlar.</p> <p>Helse Vest nyttar Health Research Classification System (HRCS), og som det går fram av rapporten er det noko endring i forskingsaktiviteten i forhold til i fjor. Når det gjeld midlar fordelt på fagfelt, gjekk det i 2015 mest midlar til forsking på kreft. Mental</p>

	<p>helse har hatt ein stor del av midlane over fleire år, men har i 2015 gått noko ned. Dette heng truleg saman med at den strategiske satsinga på psykiatri hadde siste finansieringsår i 2014.</p> <p>Tidlegare har informasjon om dei enkelte forskingsprosjekta vore inkludert i den trykte rapporten, men frå i fjar har dette berre vore tilgjengeleg på nett. Det kom innspel på at det i større grad kan tydeleggjerast i rapporten korleis ein hentar fram informasjon/rapportar om forskingsprosjekta.</p>
	<p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Det regionale samarbeidsorganet tek Fagleg rapportering 2015 til orientering, og er tilfreds med innhaldet i rapporten.</i>
Sak 3/2016	Evaluering av søknadsprosessen
Vedtakssak	
	<p>Med utgangspunkt i nye styringskrav og erfaringar frå søknadsprosessen i 2015 drøfta samarbeidsorganet behov for revidering av retningslinjene for årets søknadsprosess:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vurdering av nytte i forskingsprosjekta: RHF-a fekk i oppdragsdokumentet frå HOD i 2015 i oppdrag å utarbeide felles retningslinjer for vurdering av forventa nytte for pasienten og helsetenesta. Det er nedsett ei nasjonal arbeidsgruppe som skal legge fram forslag til felles retningslinjer, og resultatet frå arbeidet i gruppa vil bli avgjande for korleis nyttevurderinga skal handterast i årets søknadsprosess. Gunnar Mellgren som er Helse Vest sin representant i arbeidsgruppa, orienterte om status for arbeidet i møtet. Arbeidsgruppa vil tilrå at nytte og kvalitet blir vurdert av same komité (fagfellevurdering). Arbeidsgruppa har også sett på kvalitetskriteria, sjølv om dette ikkje låg inne i mandatet for arbeidet, og vil tilrå at RHF-a brukar eit felles sett av kvalitets- og nyttekriterium. Regionalt samarbeid var ein del av nyttevurderinga i fjorårets søknadsprosess i Helse Vest. Samarbeidsorganet diskuterte korleis regionalt samarbeid skal handterast vidare når det no kjem felles nasjonale retningslinjer. Regionalt samarbeid bør vere eit element i vurderinga av dei større, fleirårige prosjekta. Det er ønskjeleg at kriteria seier noko om kvaliteten på det regionale samarbeidet. Utkast til felles retningslinjer for vurdering av nytte skal behandalst i RHF-a si strategigruppe for forsking på komande møte • Brukarmedverknad i forsking: I søknadsrunda 2015 vart søkerane bedne om å gjere greie for brukarmedverknad i forskingsprosjekta. Gjennomgangen av informasjonen i søknadane viser at det er fleire utfordringar med å ta inn brukarmedverknad som eit vurderingskriterium i evalueringa av søknadar. Samarbeidsorganet var samde i at fokuset må vere på korleis brukarmedverknad kan gjere prosjektet betre framfor at dette er eit obligatorisk krav. I denne omgang vert det truleg difor aktuelt å be søkerane beskrive korleis prosjektet kan bli betre med brukarmedverknad evt. kvifor brukarmedverknad ikkje er relevant. • Utanlandsopphold for postdoc: Ein gjennomgang av Helse Vest-finansierte postdoktorstipendiatar viser at det er behov for oppfølging av kravet om utanlandsopphold. Samarbeidsorganet ønskjer at tildeling av postdoktorstipendet blir endra frå 3 år til 2,5 år, men at stipendperioden kan utvidast med 6-12 mnd. dersom stipendiaten reiser på utanlandsopphold. Samarbeidsorganet meiner at utanlandsoppheldet

	<p>minimum bør vere på 6 mnd.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Beløpsgrense for nye fleirårige prosjekt: Med bakgrunn i erfaringar frå tidlegare tildelingsprosessar og fleire spørsmål frå søkerane vil samarbeidsorganet frå 2016 setje ei øvre beløpsgrense for søknadar til nye fleirårige prosjekt. Det blei føreslått at beløpsgrensa blir sett til kr. 1,5 mill. pr. år. • Aldersgrense for karrierestipend: Sekretariatet har fått fleire spørsmål frå kvinner som ønskjer ei høgare aldersgrense for karrierestipendet grunna fødselspermisjonar. Samarbeidsorganet ønskjer å heve aldersgrensa frå 40 år til 45 år for begge kjønn. Det vart også tatt opp at ein må sjå nærmere på denne søknadstypen om eit par år. Det er få søknadar, og det er berre tildelt eitt stipend på dei tre åra karrierestipendet har vore utlyst. Korte og usikre stipendperiodar vart nemnt som mogelege forklaringar på kvifor det er vanskeleg å rekruttere profesjonsfaglege til slike stipend. I ei evaluering kan det evt. vurderast om stipendperioden skal gjerast lengre eller om det skal bli mogeleg å søkje om ei utviding av stipendperioden slik det er i Helse Sør-Øst.
	<p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Med utgangspunkt i saka og innspela som kom fram i møtet, blir forslag til reviderte retningslinjer lagt fram for samarbeidsorganet seinast på junimøtet 2016.</i>
Sak 04/2016	Oppfølging av russatsinga
Vedtakssak	
	<p>I utlysinga av Helse Vest sine forskingsmidlar for 2016 var det ingen søknadar innan rus som nådde opp i konkurransen om å få tildelt midlar. Hovudkomiteens leiar har peikt på at dette i hovudsak skuldast manglande forskingskvalitet og kunnskap om forskingsmetodikk. Samarbeidsorganet ønskjer at det blir nedsett ei arbeidsgruppe som får i oppdrag å foreslå konkrete tiltak for å heve kvaliteten og forskingskompetansen på rusfeltet i regionen. Arbeidsgruppa skal leiast av Ernst Omenaas (KKF), og skal bestå av Jarle Eid (Psykologisk fakultet, UiB) 1 brukarrepresentant, 1 representant frå KORFOR, 1 representant frå Helse Bergen og 1 representant frå Helse Stavanger. Helse Bergen og Helse Stavanger står fritt til å velje sine representantar, men det vart peikt på at det er viktig at representantane har institusjonelt ansvar.</p> <p>Arbeidsgruppa må levere forslag til tiltak til samarbeidsorganet seinast til junimøtet i 2016. Sekretariatet vil utforme eit meir detaljert mandat til arbeidsgruppa og vil følgje opp med informasjon/førespurnad om representantar.</p>
	<p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Det regionale samarbeidsorganet ber om at det blir nedsett ei arbeidsgruppe som får i oppgåve å kome med konkrete forslag til tiltak for å heve kvaliteten og forskingskompetansen på rusfeltet i regionen. Sekretariatet får i oppgåve å følgje opp saka og utforme eit meir detaljert mandat til gruppa i tråd med dei innspela som blei gitt i møtet.</i>

Sak 05/2016	Ny forskingsstrategi for perioden 2016-2019
Vedtakssak	
	<p>Baard-Christian Schem innleia til diskusjon. Det vart mellom anna orientert om at sak om fordeling av forskingsmidlane i regionen skal opp i direktørmøte i Helse Vest i løpet av denne våren. Det kan eventuelt seinare vurderast om dette skal innlemmast i den nye forskingsstrategien eller om saka skal gå som ei vanleg sak i samarbeidsorganet. Til det vedlagte strategiutkastet kom det følgjande innspel fra samarbeidsorganet:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dei private, ideelle institusjonane er ikkje nemnt særskilt, men det bør gå fram at desse er legitime søknadsinstitusjonar på lik linje med helseføretaka • Under tiltaka i mål 4 om samarbeid bør samarbeidet mellom helseføretaka og universiteta nemnast • På s. 8 under punkt 5 må ein sjå på formuleringane kring involvering av mindre føretak
	<p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Det regionale samarbeidsorganet vedtek Forskingsstrategi 2016-2019 med dei endringane som blei gjort i møtet. Fordeling av forskingsmidlane (mål 7 i tidlegare strategiutkast) vert tatt vidare i RHF-et før saka kjem tilbake til samarbeidsorganet.</i>
Sak 06/2016	Retningslinjer for insentivprogram for eksterne midlar
Vedtakssak	
	<p>I tråd med vedtaket i sak 30/2015 blei det lagt fram forslag til retningslinjer for insentivprogram for eksterne forskingsmidlar. Det blei også lagt fram forslag til reviderte retningslinjer for posisjoneringsmidlane. Insentivprogrammet vil bestå av tre element:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Påskjøningsmidlar for EU-prosjekt (tidlegare vedtatt i sak 4/2015) • Tilleggsfinansiering av Marie Curie-stipend • Tilleggsfinansiering av større prosjekt/satsingar/senter i Noregs forskingsråd som SFF, SFI og Fyrtårns-prosjekt <p>Endringane i retningslinjene for posisjoneringsmidlane går i hovudsak ut på at ordninga vert utvida til å gjelde posisjoner og søkerutsformning retta mot NFR.</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Det regionale samarbeidsorganet vedtek retningslinjene for insentivprogram for eksterne forskingsmidlar slik dei er beskrive i saka. Insentivprogrammet skal gjelde frå 2016, dvs. at det kan søkjast om tilleggsfinansiering for midlar/aktivitet rekeskapsført og brukt i HF-a/dei private, ideelle institusjonane med avtale med Helse Vest i 2015.</i> • <i>Det regionale samarbeidsorganet vedtek nye retningslinjer for posisjoneringsmidlane slik dei er beskrive i saka.</i>

07/2016	Utnemning av ny representant til UNIKARDs fagråd
Vedtakssak	
	<p>UNIKARD er ei nasjonal forskingssatsing innan hjerte- og karforsking i regi av NSG, og Samarbeidsorganet mellom Helse Midt-Norge og NTNU er ansvarleg samarbeidsorgan.</p> <p>Samarbeidsorganet HMN-NTNU blei hausten 2015 orientert om val av ny leiar for UNIKARDs fagråd. Ny leiar er Eva Gerdts (Helse Vest). På bakgrunn av dette blir samarbeidsorganet mellom Helse Vest, UiB og UiS bedt om å utnemne eit nytt fagrådsmedlem frå regionen, som erstattar for Eva Gerdts.</p>
	<p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Det regionale samarbeidsorganet utnemner Peter Schuster som nytt medlem i UNIKARDs fagråd.</i>
Sak 08/2016	Forskningskonferansen 2016
	<p>Utkast til program for forskningskonferansen i 2016 blei drøfta på møte. Helseforsking og næringsliv er føreslått som eit hovudtema på dag 1 av konferansen. Det kom innspel på at det er fleire innovative miljø frå vestlandsregionen som det kan vere aktuelt å presentere under eit slikt tema. Det vart også føreslått at ein startar dag 2 av konferansen ein halvtime tidlegare. Sekretariatet tek med seg desse innspela i den endelege utforminga av programmet.</p>
	<p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Det regionale samarbeidsorganet vedtek rammene for årets forskningskonferanse. Sekretariatet tar med seg innspela som kom opp i møtet i arbeidet med den endelege utforminga av programmet.</i>
Sak 09/2016	Behov for samarbeid med næringslivet i samarbeidsorgana
Diskusjonssak	
	<p>Samarbeidsorganet har mottatt brev frå HelseOmsorg21-rådet om behov for samarbeid med næringslivet. Eitt av tiltaka i HO21-strategien har som mål å styrke næringsutvikling gjennom samspel mellom akademia, helseføretak og kommunar. Det blir peikt på at eit første steg på vegen er å ha nok kunnskap og forståing om kvarandre sine områder. På bakgrunn av dette ber HelseOmsorg21-rådet om at samarbeidsorgana vurderer å utnemne representantar frå næringslivet som observatørar til møta i samarbeidsorgana.</p> <p>Samarbeidsorganet var samde i at dette er ei viktig oppgåve, men ser det ikkje som hensiktsmessig med ein eigen observatør frå næringslivet. Ein vil derimot lage og støtte opp om andre møteplassar/arenaer for samhandling og interaksjon med næringslivet. Forskningskonferansen vil vere ein slik arena i 2016.</p>

Sak 10/2016	Orienteringssaker
	1. Presentasjonar frå fellesseminaret mellom brukarrepresentantar og fag- og forskingsmiljø i Helse Vest 18. januar
Neste møte i Det regionale samarbeidsorganet er 13. april 2016 på Clarion Hotel Bergen Airport, kl. 10.30 – 14.30	